| Avdragsutgifter                                      | 2 041 881,00         | 67 938 000,00          | 67 938 000,00        | 1 722 974,00          |
| Utlån                                                | 999 999,99           | 2 000 000,00           | 2 000 000,00         | 5 454 999,85          |
| Kjøp av aksjar og andelar                            | 1 012 559,00         | 1 030 059,00           | 0,00                 | 1 104 893,00          |
| Dekning av tidlegare års udekka                      | 0,00                 | 0,00                   | 0,00                 | 0,00                  |
| Avsetningar til ubundne investeringsfond             | 2 582 352,00         | 2 631 989,00           | 134 869,00           | 13 181 803,13         |
| Avsetningar til bundne fond                          | 736 681,19           | 0,00                   | 0,00                 | 1 805 034,84          |
| <b>Sum finansieringstransaksjoner</b>                | <b>7 373 473,18</b>  | <b>73 600 048,00</b>   | <b>70 072 869,00</b> | <b>23 269 704,82</b>  |
| <b>Finansieringsbehov</b>                            | <b>62 850 306,14</b> | <b>79 625 132,00</b>   | <b>64 414 869,00</b> | <b>98 512 572,93</b>  |
| <b>Bruk av lån</b>                                   | <b>53 088 359,63</b> | <b>63 607 233,00</b>   | <b>53 297 000,00</b> | <b>91 297 313,89</b>  |
| Mottekneavdrag på utlån                              | 2 675 673,19         | 1 865 700,00           | 1 865 700,00         | 3 613 708,84          |
| Sal av aksjar og andelar                             | 48 560,00            | 97 120,00              | 0,00                 | 0,00                  |
| Bruk av tidlegare års udisponert                     | 0,00                 | 0,00                   | 0,00                 | 0,00                  |
| Overføringer frå driftsrekneskapen                   | 1 106 014,00         | 1 044 228,00           | 49 169,00            | 975 001,00            |
| Bruk av disposisjonsfond                             | 1 056 278,23         | 1 056 279,00           | 0,00                 | 308 245,83            |
| Bruk av ubundne investeringsfond                     | 4 857 921,09         | 11 919 572,00          | 9 203 000,00         | 2 318 303,37          |
| Bruk av bundne fond                                  | 17 500,00            | 35 000,00              | 0,00                 | 0,00                  |
| <b>Sum Finansiering</b>                              | <b>62 850 306,14</b> | <b>79 625 132,00</b>   | <b>64 414 869,00</b> | <b>98 512 572,93</b>  |
| Udisponert overskott                                 | 0,00                 | 0,00                   | 0,00                 | 0,00                  |
| Udekka underskott                                    | 0,00                 | 0,00                   | 0,00                 | 0,00                  |



## Tilgang og bruk av midlar

|                                                         | Rekneskap<br>2018       |
|---------------------------------------------------------|-------------------------|
| <b>Tilgang av midlar</b>                                |                         |
| Inntekter driftsdel                                     | + 377 315 476,71        |
| Inntekter investeringsdel                               | + 31 356 984,31         |
| Innbetalinger ved eksterne finanstrans. driftsdel       | + 3 013 096,48          |
| Innbetalinger ved eksterne finanstrans. investeringsdel | + 55 812 592,82         |
| <b>Sum tilgang av midlar</b>                            | <b>= 467 498 150,32</b> |
| <b>Bruk av midlar</b>                                   |                         |
| Utgifter driftsdel                                      | + 345 349 278,82        |
| Utgifter investeringsdel                                | + 86 833 817,27         |
| Utbetaling ved eksterne finanstrans. driftsdel          | + 15 192 920,01         |
| Utbetaling ved eksterne finanstrans. investeringsdel    | + 4 054 439,99          |
| <b>Sum bruk av midlar</b>                               | <b>= 451 430 456,09</b> |
| <b>Differanse (tilgang - bruk)</b>                      | <b>= 16 067 694,23</b>  |
| Memoriakonto ubrukte lånemidler (+ ved auke)            | + 208 640,37            |
| <b>Endring i arbeidskapital</b>                         | <b>= 16 276 334,60</b>  |
| Avsetningar drift                                       | + 26 103 347,39         |
| Avsetningar investering                                 | + 3 319 033,19          |
| Bruk av avsetningar drift                               | - 14 379 718,84         |
| Bruk av avsetningar investeringar                       | - 5 931 699,32          |
| Til avsetning seinare år drift                          | - 0,00                  |
| Til avsetning seinare år investering                    | - 0,00                  |
| <b>Netto avsetningar</b>                                | <b>= 9 110 962,42</b>   |





## Balanserekneskapen

|                                                  | Note | Saldo<br>31.12.2018     | Saldo<br>31.12.2017   |
|--------------------------------------------------|------|-------------------------|-----------------------|
| <b>EIGENDELAR</b>                                |      |                         |                       |
| <b>A. Anleggsmidler</b>                          |      | <b>888 091 558,90</b>   | <b>793 895 902,49</b> |
| Faste eigedommar og anlegg                       | 9    | 413 516 839,95          | 355 284 590,58        |
| Utstyr, maskinar og transportmidlar              | 9    | 20 136 253,53           | 14 595 324,30         |
| Utlån                                            | 18   | 37 611 985,42           | 39 360 263,61         |
| Aksjar og andelar                                | 4    | 13 911 064,00           | 12 938 505,00         |
| Pensjonsmidlar                                   | 2    | 402 915 416,00          | 371 717 219,00        |
| <b>B. Omlaufsmidler</b>                          |      | <b>191 717 044,43</b>   | <b>165 855 366,92</b> |
| Kortsiktige fordringar                           |      | 24 508 569,92           | 27 802 059,93         |
| Premieavvik                                      | 2    | 17 668 878,34           | 16 304 552,34         |
| Aksjar og andelar                                |      | 0,00                    | 0,00                  |
| Sertifikat                                       |      | 0,00                    | 0,00                  |
| Obligasjonar                                     |      | 0,00                    | 0,00                  |
| Kasse, postgiro, bankinnskot                     |      | 149 539 596,17          | 121 748 754,65        |
| <b>SUM EIGENDELAR</b>                            |      | <b>1 079 808 603,33</b> | <b>959 751 269,41</b> |
| <b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>                     |      |                         |                       |
| <b>C. Eigenkapital</b>                           |      | <b>184 431 665,73</b>   | <b>125 042 067,72</b> |
| Disposisjonsfond                                 | 6    | 55 803 713,37           | 41 321 935,97         |
| Bundne driftsfond                                | 6    | 13 337 485,42           | 9 018 289,45          |
| Ubundne investeringsfond                         | 6    | 19 837 550,59           | 22 113 119,68         |
| Bundne investeringsfond                          | 6    | 8 012 640,21            | 7 275 959,02          |
| Endringar i R-prinsipp som endrar AK Drift       | 19   | -4 048 436,99           | -4 048 436,99         |
| Endringar i R-prinsipp som endrar AK Investering |      | 0,00                    | 0,00                  |
| Regnskapsmessig mindreforbruk                    |      | 6 956 731,81            | 8 151 123,05          |
| Regnskapsmessig meirforbruk                      |      | 0,00                    | 0,00                  |
| Udisponert i investeringsrekneskapen             |      | 95 936,37               | 95 936,37             |
| Udekket i investeringsrekneskapen                |      | 0,00                    | 0,00                  |
| Kapitalkonto                                     | 5    | 84 436 044,95           | 41 114 141,17         |
| <b>D. Gjeld</b>                                  |      | <b>839 475 318,00</b>   | <b>788 392 925,00</b> |
| <b>Langsiktig gjeld</b>                          |      | <b>462 876 823,00</b>   | <b>453 757 877,00</b> |
| Pensjonsforpliktingar                            | 2    | 462 876 823,00          | 453 757 877,00        |
| Ihendehavarobligasjonslån                        |      | 0,00                    | 0,00                  |
| Sertifikatlån                                    | 7    | 200 044 000,00          | 0,00                  |
| Andre lån                                        | 7    | 176 554 495,00          | 334 635 048,00        |
| <b>Kortsiktig gjeld</b>                          |      | <b>55 901 619,60</b>    | <b>46 316 276,69</b>  |
| Kassekredittlån                                  |      | 0,00                    | 0,00                  |
| Anna kortsiktig gjeld                            |      | 56 637 898,25           | 46 413 982,34         |
| Premieavvik                                      | 2    | -736 278,65             | -97 705,65            |
| <b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>                 |      | <b>1 079 808 603,33</b> | <b>959 751 269,41</b> |
| <b>Memoriakonto</b>                              |      | <b>37 190 305,34</b>    | <b>37 130 366,97</b>  |
| Ubrukte lånemidler                               |      | 36 017 992,34           | 35 809 351,97         |
| Andre memoriakonti                               | 11   | 1 172 313,00            | 1 321 015,00          |
| Motkonto for memoriakonti                        |      | -37 190 305,34          | -37 130 366,97        |





| SAKSGANG        |          |            |
|-----------------|----------|------------|
| Utval           | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 20.05.19 | 04/19      |
| Kommunestyret   | 19.06.19 |            |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 216        |           |

## OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT OM «IKT OG INFORMASJONSTRYGGLEIK»

**Saksvedlegg:** brev frå rådmannen, dagsett 07.05.19. og internkontrollrapport (eige hefte)

### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok samrøystes i møtet 31.10.18, sak 42/18 følgjande:

- Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «IKT og informasjonstryggleik» og tek denne til orientering.*
- Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 7 tilrådingar.*
- Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan seks månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Rapporten blei ferdig i september 2018, og handsama av kontrollutvalet 17.09.18 sak 10/18.

Revisjonen hadde følgjande tilrådingar:

- ferdigstille styringssystemet for informasjonstryggleik slik at det oppfyller alle krava i regelverket, og som del av dette:*
  - etablere eit system som sikrar at kommunen har fullstendig og ajourført oversikt over kva personopplysningar som blir handsama*
  - sikre at det blir gjennomført risikovurderingar av IKT-systema og behandlingar av personopplysningar opp mot fastsette akseptkriterium for informasjonstryggleik*
  - gjennomføre tilstrekkeleg kontroll og etterprøving av informasjonstryggleiken i kommunen sine system*
- utarbeide tilstrekkeleg med informasjon om informasjonstryggleik til dei tilsette, og sikre at dei tilsette får den naudsynte opplæringa for å kunne ivareta informasjonstryggleiken på ein tilfredsstillande måte*
- vurdere å utarbeide strategi og operative mål for EVIKT*

4. *etablere samarbeidsorgan og møtepunkt som planlagd, jf. samarbeidsavtale til EVIKT*
5. *formalisere gjeldande opningstider for vakttelefonen til brukarstøtta*
6. *utarbeide utfyllande rutinar for risikovurderingar av systemtilgjenge opp mot fastsette akseptkriterium*
7. *etablere system for tilstrekkeleg kontroll av systemtilgjengelegheit, samt rutine for rapportering om nedetid frå EVIKT til kommunen*

**Oppfølging/tilbakemelding**

I vedlagt brev og internkontrollrapport frå rådmannen er det gjort greie for korleis rapporten sine tilrådingar har blitt følgt opp. I brevet skriv rådmannen følgjande:

***Rådmannen si tilbakemelding til kontrollutvalet:***

*Som ei oppfølging av punkt 1 i vedtaket frå Kommunestyret 31.10.2018, har Etne Kommune, saman med Vindafford Kommune, sett ned ei prosjektgruppe som har jobba med både oppfølging av merknadane i rapporten frå revisjonen, og med gjennomføringa av Personvernforordning – «PVF/GDPR», og arbeidet byggjer på Datatilsynet sine tilrådingar som følgje av gjennomføringa av PVF i norsk rett. Den endelege rapporten frå arbeidsgruppa ligg vedlagt.*

*I tillegg til det som går fram av rapporten er det no gjennomført registrering av alle databehandlingar i «Draftit», og protokollane herfrå er ein del av styringssystemet for handsaming av personopplysningar. Det er og gjennomført risikovurderingar av databehandling, og desse er dokumentert i same system. Det er samstundes gjennomført omfattande opplæring av leiarar og ei gruppe tilsette i Etne kommune, og ein planlegg no eit opplæringstiltak som er obligatorisk for alle tilsette i Etne Kommune om handsaming av personopplysningar og PVF-lovgjevinga, og denne opplæringa er planlagt gjennomført før sommarferien.*

*Vidare har Rådmennene i Etne Kommune og Vindafford Kommune, gjennom «Forum for Digital Utvikling» (FFDU) etablert faste kontaktpunkt mellom administrasjonen i dei to kommunane for å følgje opp dei øvrige merknadane frå revisjonen. Dette er eit samarbeidsorgan mellom EVIKT og kommunane som har månadlege møter, og gjennom dette forumet føl ein opp dei øvrige merknadane i revisjonsrapporten.*

**Sekretariatet sine kommentarar:**

I følgje kontrollutvalsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rådmannen følgjer opp forvaltningsrevisjonsrapportar. Dette skal sikre at kontroll og tilsyn får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal gje rapport til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheiter i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner rådmannen har gjeve ei tilfredsstillande tilbakemelding på revisor sine tilrådingar. Utvalet må uansett sjølv vurdere om dei meiner rådmannen har følgt opp tilrådingane på ein tilfredsstillande måte.

#### **SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:**

Etne kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «IKT og informasjonstryggleik» til orientering.

Aksdal, 13.05.19



Odd Gunnar Høie  
*Seniorrådgjevar/utvalssekretær*



Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariat IKS  
Mottatt dato: 09.05.19  
Journalført: 19/1841 og 4  
Arkivkode: 216

HAUGALAND KONTROLLUTVAL

Etne, 07.05.2019

**Dykkar ref.:** Vår ref.:  
Arkivsaknr:19/800  
Journalpostnr:19/5140

**Arkiv:**

**Sakshandsamar:**  
HAH

## **TILBAKEMELDING TIL KONTROLLUTVALET - FORVALTNINGSREVISJON IKT OG INFORMASJONSTRYGGLEIK**

Viser til forvaltningsrevisjon av IKT og informasjonstryggleik i Etne kommune som vart handsama i kontrollutvalet 17.08.18 sak 10/18. og i K – sak 042/18.

Revisjonen tilrår Etne kommune å setja i verk fylgjande tiltak:

1. ferdigstille styringssystemet for informasjonstryggleik slik at det oppfyller alle krava i regelverket, og som del av dette:
  - a. etablere eit system som sikrar at kommunen har fullstendig og ajourført oversikt over kva personopplysningar som blir handsama
  - b. sikre at det blir gjennomført risikovurderingar av IKT-systema og behandlingar av personopplysningar opp mot fastsette akseptkriterium for informasjonstryggleik
  - c. gjennomføre tilstrekkeleg kontroll og etterprøving av informasjonstryggleiken i kommunen sine system.
2. utarbeide tilstrekkeleg med informasjon om informasjonstryggleik til dei tilsette, og sikre at dei tilsette får den naudsynte opplæringa for å kunne ivareta informasjonstryggleiken på ein tilfredsstillande måte.
3. vurdere å utarbeide strategi og operative mål for EVIKT.
4. etablere samarbeidsorgan og møtepunkt som planlagd, jf. samarbeidsavtale til EVIKT.
5. formalisere gjeldande opningstider for vakttelefonen til brukarstøtta.
6. utarbeide utfyllande rutinar for risikovurderingar av systemtilgjenge opp mot fastsette akseptkriterium.
7. etablere system for tilstrekkeleg kontroll av systemtilgjengelegheit, samt rutine for rapportering om nedetid frå EVIKT til kommunen.



**K-042/18 vedtak:**

1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «IKT og informasjonstryggleik» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert sendt over til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 7 tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan seks månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

**Rådmannen si tilbakemelding til kontrollutvalet:**

Som ei oppfølging av punkt 1 i vedtaket frå Kommunestyret 31.10.2018, har Etne Kommune, saman med Vindafjord Kommune, sett ned ei prosjektgruppe som har jobba med både oppfølging av merknadane i rapporten frå revisjonen, og med gjennomføringa av Personvernforordning – «PVF/GDPR», og arbeidet byggjer på Datatilsynet sine tilrådingar som følgje av gjennomføringa av PVF i norsk rett. Den endelege rapporten frå arbeidsgruppa ligg vedlagt.

I tillegg til det som går fram av rapporten er det no gjennomført registrering av alle databehandlingar i «Draftit», og protokollane herfrå er ein del av styringssystemet for handsaming av personopplysningar. Det er og gjennomført risikovurderingar av databehandling, og desse er dokumentert i same system. Det er samstundes gjennomført omfattande opplæring av leiarar og ei gruppe tilsette i Etne kommune, og ein planlegg no eit opplæringstiltak som er obligatorisk for alle tilsette i Etne Kommune om handsaming av personopplysningar og PVF-lovgjevinga, og denne opplæringa er planlagt gjennomført før sommarferien.

Vidare har Rådmennene i Etne Kommune og Vindafjord Kommune, gjennom «Forum for Digital Utvikling» (FFDU) etablert faste kontaktpunkt mellom administrasjonen i dei to kommunane for å følgje opp dei øvrige merknadane frå revisjonen. Dette er eit samarbeidsorgan mellom EVIKT og kommunane som har månadlege møter, og gjennom dette forumet føl ein opp dei øvrige merknadane i revisjonsrapporten.

Med helsing

Hilde Aartun Haraldseide  
kommunalsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

| SAKSGANG        |          |            |
|-----------------|----------|------------|
| Utval           | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 20.05.19 | 05/19      |
|                 |          |            |

|                       |                   |                  |
|-----------------------|-------------------|------------------|
| <b>Saksansvarleg:</b> | <b>Arkivkode:</b> | <b>Arkivsak:</b> |
| Odd Gunnar Høie       | 033               |                  |

## ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018

**Saksvedlegg:** framlegg til årsmelding for kontrollutvalet 2018

### Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2018 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2018 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2018 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

## INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

**Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2018 frå kontrollutvalet til orientering.**

Aksdal, 13.05.19



Odd Gunnar Høie  
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

# KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

2018



KONTROLLUTVALET I  
ETNE KOMMUNE

---

## INNLEIING

---

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2018.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "***kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret***".

---

## 1. OM KONTROLLUTVALET

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

---

## 2. MEDLEMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljas mellom representantane i kommunestyret. Etter valet i 2011 blei talet på medlem i utvalet auka til 5.

For valperioden 2015 - 2019 valde kommunestyret hausten 2015 følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

### Faste medlemmer:

|           |                           |
|-----------|---------------------------|
| Leiar     | <b>Ståle Tungesvik</b>    |
| Nestleiar | <b>Ragni Sunniva Fett</b> |
| Medlem    | <b>Arild Stenberg</b>     |
| Medlem    | <b>Sigve Sæle</b>         |
| Medlem    | <b>Åse Langhelle</b>      |

### Varamedlemmer:

- 1. Pål Steinar Rullestad**
- 2. Nina Vierdal Vee**
- 3. Ivan Kaldheim**

Sigve Sæle og Åse Langhelle har fått fritak frå sine verv. Nye faste medlemmer er Anna Eriksen (Frp) og Nina Vierdal Vee (Sp).



Utvalet bestod i 2019 av følgjande medlemmer:

**Faste medlemer:**

|           |                               |
|-----------|-------------------------------|
| Leiar     | <b>Ståle Tungesvik (Sp)</b>   |
| Nestleiar | <b>Ragni Sunniva Fett (V)</b> |
| Medlem    | <b>Ivan Kaldheim (H)</b>      |
| Medlem    | <b>Anna Eriksen (Frp)</b>     |
| Medlem    | <b>Nina Vierdal Vee (Sp)</b>  |

**Varamedlemer:**

- 1. Pål Steinar Rullestad (Ap)**
- 2. Gunnar S. Løhaugen (Sp)**
- 3. Lars Ebne (Krf)**

Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama. Ordføraren har møte- og talerett i utvalet.

Ordføraren har delteke på eit av møta. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Rådmannen eller fungerande rådmann har delteke på to av møta.

---

### **3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2018**

---

Kontrollutvalet har i 2018 hatt 3 (4) møte fordelt på eit om våren og to om hausten. Utvalet har hatt **19** (20) saker til handsaming, kor **5** (4) saker blei sendt til kommunestyret. **29** (36) saker har blitt lagt fram til orientering. Oversyn over sakene og orienteringssakene følgjer som vedlegg.

Møta i kontrollutvalet blir no haldne for opne dører etter lovendring 01.07.13. (Kommunelova § 77).

Ragni Sunniva Fett deltok på kontrollutvalskonferansen i regi av NKRF på Gardermoen 7. – 8. februar. Ståle Tungesvik deltok på haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland, i Sandnes 22. november.

---

### **4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGAVER**

---

#### **4.1 REKNESKAPSREVISJON**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 14. mai 2018, sak 03/18 kommunen sin årsrekneskap for 2017 til handsaming. I kontrollutvalet sin uttale til kommunerekneskapen blei det ikkje tatt atterhald eller presisering.

Utvalet gav slik uttale:

*Etne kommune sin årsrekneskap for 2017 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 8,1 mill. kroner.*

*Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit netto driftsresultat på 9,6 mill. kroner. Det utgjer 2,6 %, som er betre enn i fjor (0,3 %) og øve anbefalt nivå på 1,75 %.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2017 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.17.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Etne kommune sin årsrekneskap for 2017.*

Skatterekneskapen for 2017 vart lagt fram for utvalet til orientering i møtet den 14.05.18.

## **4.2 FORVALTNINGSREVISJON**

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at da vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal innan utgangen av første året i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 25.10.16, sak 77/16.

I møtet 14.05.18, sak 04/18 handsama utvalet oppfølging av rapporten om «Sjukefråvær». Kommunestyret handsama oppfølginga i møtet 20.02.18.

I møtet 17.09.18, sak 10/18 handsama utvalet forvaltningsrevisjonsrapport om «IKT og informasjonstryggleik». Rapporten var eit samarbeidsprosjekt med Vindafjord kommune. I innstillinga kom utvalet med sju anbefalingar og det blei satt ein frist på seks månader for oppfølging. Kommunestyret handsama rapporten i møtet 31.10.18 og slutta seg til utvalet si innstilling.

I møtet 19.11.18 tinga utvalet ein ny rapport for levering i 2019 om «Innkjøp».

## **4.3 SELSKAPSKONTROLL**

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller eigde saman med andre kommunar. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2016-2020 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 25.10.16, sak 78/16.

Utvalet har ikkje bestilt eller handsama rapportar frå selskapskontrollar dette året.

#### 4.4 TILSYN MED REVISOR

Kontrollutvalet gjennomførte i 2015 ny anbudskonkurranse om revisjonstenestene for perioden 2016-2020.

Kommunestyret følgde kontrollutvalet si innstilling om å velje Deloitte AS som kommunen sin revisor i møtet 15.12.15, sak 100/15 for dei neste fire åra. Kommunen har opsjon til å forlengje avtalen med 2 år.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Else Holst-Larsen med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det har vore ein eller fleire revisorar til stades på alle utvalsmøta. Dei har mellom anna presentert plan for rekneskapsrevisjon, og lagt fram forvaltningsrevisjonsrapporten om «IKT og informasjonstryggleik».

Utvalet har handsama revisor si egenerklæring.

#### 4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker gjennom året og om framlegget til budsjett og økonomiplan.

Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, tertialrapportar, budsjettvedtak, KOSTRA-tall osv.

I møtet 17.09.18 fekk utvalet svar frå administrasjonen på innsendte spørsmål om den nye personvernlova (GDPR) og kommunen sitt arbeid med å implementere denne i si verksemd.

#### 4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2018.

| TENESTE 1100                  | REGNSKAP<br>2017 | BUDSJETT<br>2018 (utvalet) | REKNESKAP<br>2018 |
|-------------------------------|------------------|----------------------------|-------------------|
| Godtgjersle og driftsutgifter | 54 725           | 88 000                     | 49 428            |
| Revisjonstenester             | 396 384          | 380 000                    | 333 957           |
| Sekretariatstenester          | 167 000          | 172 000                    | 172 000           |
| Sum utgifter (eks.mva.)       | <b>618 109</b>   | <b>640 000</b>             | <b>555 385</b>    |

Kontrollutvalet handsama hausten 2018 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2019. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 660 000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

## 4.7 SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 14 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med fire revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider, [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no), kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Etne kommune er Ståle Tungesvik vald til representantskapet i IKS'et med Ragni Sunniva Fett som varamedlem. Ragni S. Fett var til stades på representantskapsmøtet 23.04.18.

---

## 5. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2018 har vore som planlagt. Utvalet og kommunestyret har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten om «IKT og informasjonstryggleik» og oppfølging av rapporten om «Sjukefråvær». Utvalet har bestilt eit nytt prosjekt om «Innkjøp» for levering i 2019. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

\*\*\*

Etne, 20. mai 2019

Ragni Sunniva Fett

Ståle Tungesvik  
Leiar

Ivan Kaldheim

Anna Eriksen

Nina Vierdal Vee

## VEDLEGG

---

### OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

---

#### Saker til handsaming:

- 01/18 Godkjenning av protokoll frå møte 20.11.17
- 02/18 Referat- og orienteringssaker 14.05.18
- 03/18 Etne kommune - uttale til årsrekneskapen for 2017
- 04/18 Oppfølging av revisjonsrapport om «Sjukefråvær»
- 05/18 Årsmelding for kontrollutvalet 2017
- 06/18 Personvernlova – konsekvensar for kommunen
  
- 07/18 Godkjenning av protokoll frå møte 14.05.18
- 08/18 Referat- og orienteringssaker 17.09.18
- 09/18 Orientering om personvernlov – svar frå rådmannen
- 10/18 Revisjonsrapport – «IKT og samfunnstryggleik»
- 11/18 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 12/18 Revisor si egenerklæring for 2018
- 13/18 Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn 2019
  
- 14/18 Godkjenning av protokoll frå møte 17.09.18
- 15/18 Referat- og orienteringssaker 19.11.18
- 16/18 Orientering om budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022
- 17/18 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2018
- 18/18 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Innkjøp»
- 19/18 Framlegg til møteplan for 2019

#### Saker til orientering:

1. Statusrapport pr. mai 2018
2. Oppsummering av NKRF-konferansen i februar
3. K-styrevedtak 19.12.17, sak 65/17 – suppleringsval til kontrollutvalet
4. Årsrapport 2017 - skatteoppkrevjaren i Etne kommune
5. Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjaren for Etne kommune
6. Referat frå representantskapsmøte 13.04.18 – Samarbeidsrådet for Sunnhordland
7. Protokoll frå representantskapsmøte 23.04.18 - Haugaland Kontrollutvalssekretariat
8. Protokoll frå representantskapsmøte 20.04.18 – Haugaland Vekst IKS
9. Innkalling til representantskapsmøte 23.05.18 – HIM
10. eINFO 1/18 – Redegjørelse for likestilling mv. i årsberetningen
11. Kommunal Rapport 05.02.18 – Bernt svarer: Teieplikt og lukka møte
12. NKRF- veileder «God skikk og praksis for kontrollutvalgssekretariatene» – (IM)
13. FKT - veileder «Hva kan kontrollutvalgene forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatene» er klar – blir presentert på FKT-konferansen (IM)
14. NKRF – framlegget til ny kommunelov bidrar til styrka eigenkontroll

15. 15. Statusrapport pr. september 2018
16. E-post frå Lars Olav Bergsvåg, Etne Høgre vedk. tolking av kst-vedtak
17. Kst-vedtak 20.06.18, sak 28/18 – oppfølging av rapport om Sjukefråvær
18. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) 29.05.18
19. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutvalg i Rogaland –  
22.11.18
20. Styremøteprotokoll av 14.06.18 frå Krisesenter Vest IKS
21. «Tillit og kontroll – to sider av samme sak?» Frå Kommunal Rapport  
15.08.18
22. Statusrapport pr. november 2018
23. Kst. Vedtak 31.10.18, sak 42/18 – revisjonsrapport IKT og  
informasjonstryggleik
24. Innkalling til representantskapsmøte i HIM 28.11.18
25. Kommunaldepartementet 26.06.18 – svar på henvending om  
møteoffentligheit
26. Kommunal rapport – professor Bernt svarar – retten til å stille spørsmål  
til ordførar
27. Kommunaldepartementet 15.10.18 – avlysning av møter i folkevalgte  
organ
28. Høstkonferansen 2018 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland –  
22.11.18 - påmelding
29. Invitasjon til NKRFs kontrollutvalgskonferansen 30. – 31. januar 2019

| SAKSGANG        |          |        |
|-----------------|----------|--------|
| Utval           | Møtedato | Saksnr |
| Kontrollutvalet | 20.05.19 | 06/19  |
| Kommunestyret   | 19.06.19 |        |

|                 |            |           |
|-----------------|------------|-----------|
| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
| Odd Gunnar Høie | 212        |           |

## REVISJONSAVTALEN – BRUK AV OPSJON ELLER NYTT ANBOD I ÅR

### Saksorientering:

Etter lov og forskrift er det kommunestyret *sjølv*, etter innstilling frå kontrollutvalet, som vel kva type revisjonsordning kommunen skal ha, og som gjer val av revisor, dersom tenesta vert eller er konkurranseutsett.

Etne kommunestyre vedtok i møtet 15.12.15, sak 100/15 følgjande:

*Etne kommunestyre vel revisjonsselskapet Deloitte AS som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.*

Konkurransegrunnlaget blei godkjent av kontrollutvalet våren 2015. Anbudet blei lyst ut i juni på same dato som dei åtte andre kommunane i innkjøpssamarbeidet på Haugalandet. Frist ble sett til 10. august 2015. Suldal kommune hadde då valt å vere medeigar i Rogaland Revisjon IKS, og kjøper dermed ikkje revisjonstenestene sine i marknaden. Anbudet var ikkje felles, fordi loven krev at kvart kommunestyre gjer sitt eige val av revisor. Sekretariatet, saman med innkjøpsansvarleg i Tysvær, førebudde saka, og kontrollutvalet gjorde si innstilling i møtet 21.09.15, sak 16/15 til kommunestyret.

Konkurranseutsetting av tenester er, som ein ser, ei omfattande prosess. Konkurransegrunnlaget og tildelingskriteriene må utarbeidast og godkjennast. Anbudet skal så kunngjørast i den nasjonale databasen Doffin, evt. TED, avhengig av EØS-terskelverdi, med rette fristar (minimum 45 dagar). Tilboda skal vurderast og innstilling utarbeidast og leggjast fram for kontrollutvalet og deretter kommunestyret. Kontrakt blir skreve ut i etterkant, etter at vedtak ligg føre og etter at karenstid er gått ut.

Normalt vil tidsforløpet ved ein slik anbudsprosess ta opp til ¾ år. Ved den fyrste anbudsprosessen i 2011-2012 var det oppstart seinhausten 2011, anbudsfrist på nyåret og politisk handsaming våren 2012. Ved sist anbudsprosess var det oppstart våren 2015 og politisk handsaming seinhausten 2015.

Fyrste gong kommunen gjekk ut i denne marknaden hasta det, då ei sak om interkommunalt revisjonssamarbeid med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt hadde stranda. Sist gong var det lagt opp til ein avtaleperiode med 3 år og 1 år opsjon, og opsjonen vart nytta. Den politiske handsaminga av val av leverandør i 2015 kom midt i overgang mellom to kommunestyreperiodar, dvs. «gammalt» kontrollutval og «nytt» kommunestyre.

I noverande avtale var/er det lagt inn 4 år og 2 år opsjon. Det skuldast at det frå dei innkjøpskyndige var sagt at revisjonsavtaler kunne vere over fleire år enn dei normale 4 åra, fordi det er eit fast oppdrag til fast pris. Det er nå kome signaler om at dersom avtalen også inneheld opsjon på kjøp av forvaltningsrevisjon/selskapskontroll, vil dette vere eit tenestekjøp og at avtaletida då bør settast til maksimalt 4 år.

Dei fleste kommunar som har konkurranseutsett sine revisjonstenester (pr. i dag ca. 60 kommunar) har avtale med same revisjonsselskap om kjøp av rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Det har bakgrunn i ein synergi/samvirke-effekt som revisorane kan nytta seg av når dei kjem med framlegg til aktuelle forvaltningsrevisjonsprosjekt. Sekretariatet støttar opp om dette, og vil ikkje gjere framlegg om endring av denne praksisen.

### **Uttale**

Sekretariatet har sendt saka til uttale til administrasjonen. Brevet blei sendt 04.02.19 og det blei sett frist til 01.04.19 for tilbakemelding.

Rådmannen i Sauda, som leiar av Rådmannsforum og på vegne av kommunane Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Vindafjord, Sauda, Sveio, Tysvær og Utsira har i brev dagsett 03.04.19 kome med følgjande tilbakemelding, der det vert gjort framlegg om avgrensa bruk av opsjon:

*Rådmennene på Haugalandet har drøftet hvorvidt vi ønsker å benytte opsjon på videreføring av regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.*

#### **KOMMUNER SOM REVIDERES AV DELOITTE**

*Kommuner som i dag revideres av Deloitte, gjennom avtale utarbeidet av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS ønsker og å benytte mulighet for opsjon på ett -1-år for regnskaps- og forvaltningsrevisjon.*

#### **KOMMUNER SOM REVIDERES AV KPMG**

*Kommuner som i dag revideres av KPMG, gjennom avtale utarbeidet av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, har konkludert med følgende:*

*Når det gjelder regnskapsrevisjon opplever kommunene revisjonen i det alt vesentligste som tilfredsstillende.*

*Når det gjelder forvaltningsrevisjon opplever kommunene varierende kvalitet og innretning på denne. Vi har drøftet hvorvidt vi bør ha nytt anbud for å få en mer tilfredsstillende forvaltningsrevisjon.*

*Rådmennene på Haugalandet har etter felles drøfting konkludert med at vi ønsker å benytte mulighet for opsjon på ett – 1- år for regnskaps- og forvaltningsrevisjon.*

*Dette gir bedre tid for å forberede anbudsprosess for ny avtale. Samtidig ønsker vi å gi KPMG mulighet for å gjøre tilpasninger i forvaltningsrevisjonen som gjør at rapportene kan anvendes i utvikling av kommunale tjenester.*

Dei oppdragsansvarlege revisorane innan rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon blei gjort kjent med uttalen 09.04.19 og har fått høve til å kome med tilsvar. Det er ikkje motteke.



**Sekretariatets vurderingar**

Avtalene med revisjonsselskapa KPMG AS og Deloitte AS har vore for 4 år, til ferdig avlagt rekneskap for 2019, dvs. 4 rekneskapsår. I kontrakten har kommunen opsjon for 2 år i tillegg, dvs. opsjon for rekneskapsåret 2020 og 2021. Opsjon er eit val kunden har lagt inn og det er ikkje noko i vegen for å gjere den kortare enn 2 år.

Sekretariatet støttar framlegg om at opsjonen blir nytta med 1 år på bakgrunn av at oppstart av anbod i år vil kome i eit valår. Ny anbodsrunde er svært ressurskrevjande og sekretariatet har fleire oppgåver i år, mellom anna med registrering og opplæring av nye kontrollutvalsmedlemmer.

Frå administrasjonen og sekretariatet er det ein fordel med kontinuitet. Partane er kjent med kvarandre og det er etablert rutinar for samarbeidet. Samstundes er det bra med skifte av oppdragsansvarlege revisorar år om anna. Imidlertid er det ikkje sagt at det blir skifte, då tenestene er konkurransebasert og valet byggjer på *«det økonomisk mest fordelaktige tilbud»* eller *«beste forhold mellom pris og kvalitet»*. Etne skifta revisjonsselskap i 2015.

Dersom opsjon blir nytta ser sekretariatet for seg at ny anbodsrunde blir igangsatt ved at konkurransegrunnlaget vert lagt fram for kontrollutvala neste år, dvs. våren 2020 og anboda lyst ut på forsommaren.

Frist for innleverte tilbud blir då august og sak for kontrollutvala tidlig haust. Utvalet si tilråding vil så bli lagt fram for kommunestyret nov./des. 2020 og ny avtale med noverande eller ny leverandør blir gjort gjeldande frå 01.07.21.

Sekretariatet vil i denne saka også gjere framlegg om at kommunestyret gjer kontrollutvalet fullmakt til å godkjenne konkurransegrunnlaget. Det har kontrollutvalet to gangar gjort før, men utan at kommunestyret tidlegare direkte har delegert denne oppgåva.


Etter forskriften § 16 er det, som tidlegare nemnt, kommunestyret *sjølv* som gjer val av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet. Sekretariatet meiner det også gjeld for bruk av opsjon, slik at saka vert vidaresendt til kommunestyret.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING:**

Etne kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med 1 år med revisjonsselskapet Deloitte AS om levering av revisjonsteneste til Etne kommune fram til 30.06.21.

Etne kommunestyre gjer kontrollutvalet fullmakt til å utforme konkurransegrunnlaget og førebu sak om innkjøp av revisjonstenester i 2020 med verknad frå 01.07.21.

Aksdal, 13.05.19



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær